

Skada fisk sett ut att i elva

18.06.2013



Asbjørn Rød med fisken på 7,6 kilo fanga i Djupehølen

Elveigarlaget strekar under på si heimeside at det ikkje er lov å setja ut att skada fisk. Dei har fått melding om at det er observert skada og daut sjøaure, noko som er heilt uakseptabelt. Skada fisk skal avlivast og takast med.

Ellers melder også laget at opninga av sesongen har vore bra. Asbjørn Rød har teke ein fisk på 7,6 kilo i Djupehølen og det er teke ein fisk på 8,7 kilo ved Haugland. Tidlegare har uskedalen.no meldt at det er teke ein fisk på 8,3 kilo ved Heio av Jostein Almås.

Nettavisar minnar om at alle fangstar skal rapporterast til nettsida snarast råd og at dette gjeld både dei som er teke på land og dei som er sett ut att. Det vert oppmoda om at sjøauren vert sett ut att

Det er viktig for forvaltninga at all fangst skal rapporterast før det vert seld nytt kort.

Elveigarlaget strekar under at det skal vera bevegeleg fiske slik at ein beveger seg nedstrøms., både av hensyn til fisken og for å sleppa andre fiskarar til.

Laget minnar ellers om desinfisering av utstyr.

Av Ola Matti Mathisen